
Saksnr: 2020/44275-51
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Oppfølging - Selskapskontroll av Ferde AS frå selskapet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar Ferde AS sin informasjon til orientering.
2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkta 6b og c og 7 i selskapskontrollen av selskapet til første møte i utvalet i 2021.
2. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 15.01.2021.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 03.03.2020 av selskapskontroll av Ferde AS når det gjeld selskapet sitt ansvar for å iverksette forbetringstiltak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Orienteringssak - Tiltak etter selskapskontroll Ferde
- 2 Status for tiltak etter selskapskontroll september 2020
- 3 Vedlegg 1 - Tiltaksplan etter selskapskontroll - Copy
- 4 Mal arbeidsavtale administrasjon-eksisterende ansatte oppdatert
- 5 Mal arbeidsavtale administrasjon-nye ansatte oppdatert
- 6 Mal arbeidsavtale kundesenter-eksisterende ansatte oppdatert
- 7 Mal arbeidsavtale kundesenter-nye ansatte oppdatert
- 8 Mal midlertidig arbeidsavtale - administrasjon - nye ansatte
- 9 Fullmaktsmatrise v2
- 10 Rutine for bruk av biarbeid v2.0
- 11 Mal - søknad om biarbeid
- 12 Rutine for nærstående v2.0
- 13 Protokoll behandlingsaktiviteter Ferde AS GDPR
- 14 Ferdes personvernerklæring v2.0

- 15 Reisepolicy Ferde AS
- 16 Evalueringsrapport innkjøp
- 17 Innkjøpsinstruks v5
- 18 Økonomihåndbok Ferde v1.0

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 02/20 i møte 03.03.2020:

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:*

1. *Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte*
2. *Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS*
3. *Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte*
4. *Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)*
5. *Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:*

1. *Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette*
2. *Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv*
3. *Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa*
4. *Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett*
5. *Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar*
6. *Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:*
 - a) *Fullføre revideringa av fullmaktsmatriisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000*
 - b) *Halde fram med det pågåande forbetningsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.*
 - c) *Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer*
 - d) *Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette*
7. *Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:*
 - a) *Konkurransesponse anskaffingar i samsvar med krav i regelverket*
 - b) *Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket*
8. *Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærstående og eventuelle transaksjonar mellom desse*
9. *Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande*
10. *Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp*
11. *Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Handlingsplan i tråd med punkt 11 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av selskapet til møte i utvalet 12.10.2020.*
2. *Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.*
3. *Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat (Vedlegg 1 - 3) dagsett 21.09.2020 frå Ferde AS, som inneheld status for oppfølging av selskapskontroll av Ferde AS for det som gjeld vedtaket om kva styret i selskapet skal syta for å gjera. Det er også lagt ved ei rekke dokument som viser det som er gjort for å få på plass forbetringane, (Vedlegg 4 - 18).

Når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld eigarane sitt oppfølgingsansvar skal det leggjast fram i sak i første møte i kontrollutvalet i 2021

Av tilbakemeldinga frå Ferde AS går fram at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført. Vidare går det fram at forbetningsarbeidet for punkta 6b og c og 7 er tenkt ferdig gjennomført innan utgangen av 2020.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkta 6b og c og 7 i denne selskapskontrollen til første møte i utvalet i 2021.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Ferde AS til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkta 6b og c og 7 i denne selskapskontrollen til første møte i utvalet i 2021. Tilbakemeldinga vert å send sekretariatet innan 15.01.2021.